



Noregs vassdrags- og energidirektorat

nve@nve.no

Fråsegn til søknad om bygging av Sagaelva kraftverk, Flora kommune

Vi viser til oversendinga 5.9.2018 med høyring søknad om løyve til å byggje Sagaelva kraftverk.

Fylkesmannen meiner at Sagaelva kraftverk kan byggjast med akseptable konsekvensar for naturmiljø og friluftsliv, føresett nokre avbøtande tiltak.

Sagaelva kraftverk vil redusere vassføringa på ei 2,2 kilometer strekning i Sagaelva, og dei tekniske anlegga vil gi nye naturinngrep. Prosjektet vil auke produksjonen av fornybar energi, og vil ha positiv økonomisk verknad for lokalsamfunnet og kommunen.

Prosjekt	Inntak (m.o.h)	Avløp (m.o.h)	Slukeevne		Produksjon (GWh/år)	Pris (kr/kWh)
			(% av middelvassf.)	Minstevassf. 80% av		
Sagaelva kraftverk	335	5	200	al. lågvassføring	9,1	3,61

Fylkesmannen skal vurdere om utbygginga får konsekvensar for allmenne interesser som naturmiljø og friluftsliv. Vi er mynde etter lov om laksefisk og innlandsfisk og etter ureiningslova, og vi har eit sektoransvar for beredskap og landbruk. Vi legg vekt på prinsipp og føringar frå naturmangfaldlova og vassforskrifta.

Vurdering

Området er i dag prega av inngrep knytt til det kommunale vassinntaket i Sagavatnet, blant anna vassrør i dagen, veg opp til vatnet og fleire bygningar. Kraftverksinntak, røyrgate og kraftstasjon vil verte nye inngrep. Gravetraséen for røyrgate skal også nyttast til ny kommunal vassleidning, med økonomisk gevinst for både vassverket og kraftverket. Dersom dette kan erstatte vassrøyra som ligg i dagen, vil dette gi ein positiv landskapseffekt. Vi legg til grunn at det vert stilt krav til god estetisk utforming og best mogleg terrengtilpassing for alle tekniske anlegg, og tilstelling etter anleggsperioden slik at stadeigen vegetasjon får reetablere seg.

Miljørapporten har vurdert at utbygginga vil få liten konsekvens for naturmiljøet, føresett nokre avbøtande tiltak. Det har tidlegare vore registrert hubro i området, og vi kan ikkje sjå bort frå at den framleis hekkar i området. Rapporten tilrår å unngå anleggsarbeid i hekketida, og føreslår at anleggsarbeidet bør utførast i perioden juni til februar. Ut frå dei erfaringane vi sit med frå arbeidet med den nasjonale handlingsplanen for hubro, meiner vi at dette tidsspennet er for langt og grip inn i både etableringsperioden om vinteren og ungetida. Vi meiner at anleggsarbeidet bør avgrensast til perioden juli-desember. For fossefall vil hekketasser nær elva, og gjerne under bruer og i avløpskanalen frå kraftverket, vere eit viktig avbøtande tiltak.

Ei om lag 150 m anadrom strekning har, ifølgje miljørapporten, grovt substrat med få eller ingen eigna gyttestadar, fleire vanskelege passasjar, og verdien for sjøaure er vurdert til å vere ubetydeleg. Ut frå kart og flyfoto er vårt inntrykk også at elva truleg har avgrensa smoltproduksjon, men ein førekomst av sjøaure vil bidra til fritidsfisket i fjorden, i eit område som har få sjøaureelvar. Det bør gjennomførast eit prøvefiske og ei noko meir detaljert bonitering for å få eit tilstrekkeleg grunnlag til å vurdere plassering av kraftstasjon og eventuelle avbøtande tiltak for sjøaure. Ut frå gjeldande kunnskapsnivå bør kraftstasjonen plasserast ved/ovanfor vandringshinderet.

Miljørapporten har også vurdert vassdraget til å vere lite eigna for ål (raudlista, sårbar - VU). Eit prøvefiske vil også kunne gi eit betre grunnlag til å vurdere verdien for ål, konsekvensar av ei utbygging, og ev. avbøtande tiltak. I tillegg til at det bør sjekkast om det finst lokal og erfaringsbasert kunnskap om ål i vassdraget. Ifølgje søknaden er det ikkje viktige friluftsjakter knytt til elvestrekninga. Eventuelle lokale interesser som kan verte påverka av ei utbygging bør sjekkast ut med Flora kommune. Sagaelva ligg i eit kystlandskap, men ut frå kart og flyfoto, og bilete i søknaden, ser det ikkje ut som elveløpet er viktig for landskapsopplevinga sett frå fjorden eller områda på andre sida av fjorden.

Slukeevna er på vanleg nivå for nyare kraftverk. Vi meiner minstevassføringa må justerast opp til alminneleg lågvassføring for naturtilstanden (41 l/s; miljørapporten s. 10), noko som har vore eit minimumskrav for småkraftutbygging. Fordelinga av vatn mellom vassverket og kraftverket kan ikkje leggje premiss for nivået på minstevassføringa, slik det er gjort i søknaden.

For røyrgate som skal leggjast gjennom innmark er det viktig å skilje matjord frå undergrunnsmassane før gravinga, og sikre at massane vert tilbakeførde på ein forsvarleg måte, utan å øydeleggje eksisterande grøftesystem. Vidare bør det ikkje køyrast unødig med tunge anleggsmaskinar på dyrka mark, for å unngå jordpakking og skade på drenering.

Vi legg til grunn at det i handsaminga av konsesjonssøknaden vert lagt vekt på å plassere tekniske installasjonar slik at dei er mest mogleg verna mot skred og flaum, for å unngå skade på både personar og materielle verdiar.

Vi minner om at vassforskrifta har som mål at alle vassførekostar i Noreg skal ha minimum «god økologisk tilstand». Forskrifta opnar ikkje for at det kan gjennomførast tiltak som gjer at tilstanden vert dårlegare, med mindre det kan vere grunnlag for unntak i tråd med § 12.

Vi viser til reglane for mellombels anleggsdrift i ureiningslova § 8 når det gjeld tiltak for å hindre ureining frå arbeidet. Dersom anleggsfasen kan medføre spesielle ulemper for miljøet eller varer i lengre tid, må den ansvarlege søkje Fylkesmannen om utsleppsløyve. Fylkesmannen er også generell styresmakt for støyutslepp frå industri med meir, og kan setje nærare krav etter ureiningslova. Søkar må vurdere om det er behov for støydempende tiltak knytt til kraftstasjonen, jf. T-1442 «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging».

Konklusjon

Fylkesmannen meiner at Sagaelva kraftverk kan byggjast med akseptable konsekvensar for naturmiljø og friluftsliv, dersom det vert sett følgjande føresetnader/vilkår for ein konsjon:

- Minstevassføring på nivå med alminneleg vassføring i upåverka tilstand (41 l/s)
- Anleggsarbeid skal avgrensast til perioden juli-desember, for å unngå å uroe eventuell hekking av hubro
- Anadrom strekning skal prøvefiskast og boniterast, for å få eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag til å vurdere plassering av kraftstasjon og eventuelle avbøtande tiltak

Med helsing

Eline Orheim
assisterande fylkesmiljøvernsjef

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Flora kommune
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Miljødirektoratet